

Referat frå møte i Ungdomsrådet 1.11.2018



Dato: 1.11.2018, kl. 14:30 – 15:30 (møtet vart flytta ein halv time i tid)

Frammøte: Kantina, Rådhuset

Møteleiar: Ulvar Akselsen, leiar

1. Opprop: Siri har liste over frammøte/fråvær.
2. Referat frå 5.6.2018 vart godkjent.
3. Godkjenning av dagsorden

Det har kome inn fleire saker til ungdomsrådet etter at innkallinga vart sendt ut. Rådet handsamar skulebruksplanen i dag sidan høyringsfristen er ute, samt vel representantar til program for folkehelsearbeid som skal i gong med arbeid i prosjektgruppa.

4. Gjennomgang av referatsaker:

Silje Sivertsen skal kome tilbake til meir informasjon om prosjekt Vikahaugane. Ulva var til stades på ope møte om Stordpakken.
Ulvar, Ina og Ingrid var med Fitjar ungdomsråd.

5. Økonomi:

Siri kjem tilbake til dette punktet neste møte. Same status som sist sidan det ikkje har skjedd noko i mellomperioden utan koordinator. Pride-paraden fekk ikkje støtte dette året sidan rådet ikkje var samla. Leiar oppfordrar til å støtta paraden neste gong.

6. Orientering:

- Ny kontaktperson for Ungdomsrådet: Siri presenterer seg
- Ungdomsrådet er invitert til felles kommunestyre med Børnlo 8. november 2018. Dette er ein konferanse om attraktive lokalsamfunn. Ingen i styret har høve til å møte denne dagen.

7. Saker

- Nye representantar til Stord ungdomsråd:
Medlemmane tek ein runde i klassane ved sine skular for å oppfordre elevar til å søke om å vere med i Ungdomsrådet. Det må takast opp i elevråda og. Ulvar ordnar med plakatar til skulane. Frist for å søke er 19.11.2018. Nytt styre skulle etter vedtekten vore på plass innan 1. oktober, men då hadde rådet ingen kontaktperson i kommunen.
Maia Samuelsen sin søknad er godtatt. Ho vert invitert til neste møte.
- Skulebruksplanen har vore på høyring og Ungdomsrådet må handsame saka. Dei har følgjande merknadar:

Side 6: Ungdomsrådet stussar over at det i budsjettet er forslag om at Langeland skule skal vere utan gymsal eitt år i samband med utbygging og er uroa for verknadane dette får for innhaldet i kroppsøvingsfaget.

Side 6: Har kommunen økonomi til ei eventuell overtaking av Stord vidaregåande skule avdeling Saghaugen?

Side 5: Vurderinga i skulebruksplanen skal vere basert på beste praksis for skuleanlegg i Noreg. Korleis korresponderer dette med «drift av skulen i tråd med kommunen sitt inntektsgrunnlag»? Kommunen har jo lite pengar, som det kjem fram i budsjettet? Det same spørsmålet gjeld driftseffektiv og rasjonell skulestruktur – er det i samsvar med beste praksis for skuleanlegg?

- Det er ynskjeleg med 2 representantar frå Ungdomsrådet i «Program for folkehelsearbeid»:
Ina var med i søknadsprosessen. Ho og Sandra vert med i prosjektgruppa.
Ungdomsrådet legg vekt på at det er viktig at dei representerer ulike geografiske område/spreiing.

Ymse

Saka om nye genserar til Ungdomsrådet vert overført frå i vår til det komande nye styret i rådet.

Rådmann Magnus Mjør vert invitert til neste møte for å fortelje om kommunen og helse på det nye rådet.

Siri oppdaterer kommunen si nettside slik at informasjonen om Ungdomsrådet er rett.

Neste møte: 4.12.2018 kl 14-15